

Årsmelding

Sveio

Orienteringslag



2012



Styret

Styret har vore samansett slik:

Thomas Førde, leiar
Hjalmar Lokna, skrivar/nestleiar
Kjetil Fiskå, styremedlem
Kristian S. Førde, kasserar
Unn Rognerud, styremedlem
Geir Milford, vara
Hjørdis Kallevik, vara

I tillegg til arrangement som blir omtala nedanfor har styret representert laget under Rogaland O-krets sitt årsmøte i februar, under årsmøtet i Sveio Idrettsråd og under årsmøtet i Førde Samfunnshus AL.

Sveio O-lag hadde ved årsskiftet 88 betalande medlemmer. Dette er ein nedgang frå 94 betalande året før.

Årsmøtet 2012

VAL

SAK. Nr. 8

Sveio O-lags årsmøte 1. mars 2012

Vedtak (samrøystes):

HOVUDSTYRE SVEIO O-LAG:

Thomas Førde leiar eitt år
Kristian Førde styremedlem/kasserar to år
Hjalmar Lokna styremedlem, ikkje på val
Kjetil Fiskå styremedlem to år
Unn Rognerud styremedlem, ikkje på val
Geir Milford varamedlem eitt år
Hjørdis Kallevik varamedlem eitt år

TURORIENTERINGSUTVALET:

Thomas Førde leiar eitt år
Kristina Enerstvedt ikkje på val
Astrid Førsund to år
Leif Grutle ikkje på val
Karl Inge Instefjord to år
Øystein Opedal ikkje på val
Astrid Nesse ikkje på val

Revisor:

Jostein R. Ottesen eit år
Valkomite: Lillian Wirkola, eit år
Egil Lokna, eit år

Utsendingar til årsmøtet i Førde Samfunnshus A/L: Lillian Wirkola, eit år, Unn Rognerud, 1 år (vara)

Utsendingar til årsmøtet i Sveio Idrettsråd 2012: Thomas Førde og Øystein Opedal.

Kretsløp i orientering

Søndag 9. september.



Søndag 9. september arrangerte Sveio O-lag kretsrankingløp for Rogaland O-krets. Om lag 80 løparar deltok, i arrangementet som var lagt til Kysttunet på Eikeland. Kjetil Fiskå og Thomas Førde hadde laga 8 ulike løyper pluss ei småtrollløype. Løypene gjekk i terrenget på Eikelandsneset og nordover mot Slettene for dei lengste løypene. Arrangementet blei velsigna med godt ver, godt kioskal og tilfredse deltakarar. I tillegg til løparar frå Rogaland O-krets, deltok også løparar frå Stord og Sunnhordland.



Nær-o-løp

Tirsdag 22. mai arrangerte Sveio O-lag nær-o-løp på Einstadbøvoll. Kjetil Fiskå og Thomas Førde hadde lagt fire ulike løyper i terrenget mellom Einstabøvoll og Valen. Skulen blei nytta som mål og samlingsplass, medan Einstabøvoll gard for ein stor del blei nytta som arena for dei kortaste løypene. Grunneigar Blytt viste oss stor velvilje.

86 løparar frå Haugalandet og Sunnhordland deltok. Dette høge deltakartalet skuldast at Sunnhordland også nytta arrangementet vårt som rankingløp. Arrangementet blei velsigna med vakkert vårver.

Deltaking i konkurransar

Me måtte til Sverige i år for å oppleve ekta sommar. Åtte o-løparar pluss eit medlem i støtteapparatet drog til sandstrendene langs kysten av sørvestre Sverige. Med utgangspunkt i den flotte og gjestmilde byen Halmstad, kunne representantane frå Sveio O-lag delta i fem ulike o-løp spreidd over seks dagar. Det første løpet vart arrangert søndag 22.Juli. O-stemnet over fem dagar, som er verdas største i sitt slag, blei avslutta i sol og 26 graders varme fredag 27. Juli. Over 21 000 o-løparar frå 42 ulike land deltok i år, der den eine etappen gjekk dels i sanddyner langs Kattegat.

Dei yngste o-løparane frå SOL hevda seg best med samanlagt plasseringar over midten av resultatlista. Det gjeld Jørgen Fiskå i ungdomsklassa U2, Lovise Fiskå i jenteklassa D16K, Sunniva S. Førde i D21M og Bjørnar S.Førde i H16K. I det eine løpet enda Bjørnar heilt oppe på fjerdeplass.

Kjetil Fiskå hevda seg bra i H40K 1 og Kristian S Førde i H21M. Elles deltok Astrid Sandvik i D55M og Thomas Førde i H55M.

Sveio O-lag sine løparar har dessutan delteke i kretsløp og nær-o-løp i distriktet i løpet av sesongen.



Turorientering

Fra og med søndag 1. april var ulike 70 tur-o-postar klar for besøk. Årets tilbod var spreidd rundt i store delar av kommunen. 20 av postane utgjorde tilbodet om Barnas Tur-o, noko som også er eit tilbod til alle andre som vil prøva turorientering for første gong

Hovudpakka hadde fem ulike kart. Lengst nord i Sveio kommune kunne ein finna tur-o-

postar på Tittelsnes ved bruk av det nye kartet Festningen. Vidare sørover blei det sett ut postar på Einstabøvoll med turmål frå sjøkanten til halvvegs i høgda oppover i retning Sveios høgaste fjell, Trodlavassnibba. Ved hjelp av Førde-kartet kunne ein finna postar langs ein spennande tur rundt Lierfjell. I Auklandshamn kunne ein ta turen rundt Storavatnet og halvvegs til Emberlandsnipen. Ved Fjellstad låg postar på begge sider av Paddevegen.

Tur-o-materiell var i salg på følgjande stader: Haukås Bensinstasjon, Førde Dagligvare og Servicetorget til Sveio kommune.

Nytt av året var at alle dei 70 postane (50 i hovudtilbodet og 20 i Barnas tur-o) låg alle ute i terrenget utan sommarpause, heilt frå 1.mars og fram til 26. oktober.

Foto-orientering var i 2012 delt på to ulike tilbod, eit i Førde og eit i Sveio. Dette tilbodet var innlagt i alle tur-o-konvoluttane, men beli og delt ut i mange postkassar.

Barnas tur-o: Årets tur-o-mappe for barn inneheldt fire ulike kart. Lengst nord var postar lagt ut på Einstabøvoll. Vidare var det postar nær Førde skule og nær Auklandshamn. Fem postar var lagt ut nær Fjellstad, både sør og nord for Paddevegen.

Nærtrim: Alle som vil prøva tur-orientering kunne starta med å kjøpa same mappa som inneheldt Barnas o-tur.

Kulturminnepostar: For at opplevingane med tur i skog og mark skal bli enda ein dimensjon rikare var fleire postar utstyrte med tekstar som fortel litt om historia rundt aktuelle stader i løypa.

Tur-o på nettet: Alle som kjøper kart og deltakarkort i fjorårets turorientering kunne registrera seg som nettbrukar innan turorientering og kvittera på nettet etter kvart einaste postbesøk. Dette kunne skje via sveio o-lag si nettside: www.sveiool.org. Om lag halvparten av deltakarane nytta dette tilbodet.



Finne Fram dagen

Friluftsområdet i Slettene ved Auklandshamn viste seg som ein idyllisk stad jamvel i regnveret på søndag 17. juni.

Regnver tidleg på dagen fekk nok mange til å snu i ytterdøra heime. Men dei som vann over denne barrieren, fekk ein flott deg på jakt etter aktivitetspostar i Sveio O-lag si rundløype langs



holmar, hengebruer, strandsteinar, tang og tare i Slettene.

Sveio Orienteringslag kunne sjølve tilby tidtaking med databrikker i ei superrask sprintløype mellom skog og svaberg. Sveio Jakt, Fiske- og naturvernforening plasserte seg på ei halvøy med høge berg og god djupne i sjøen nedanfor. Her vaka det fisk og nokre blei fanga.

Sveio Kystlag klappa til kai litt lenger inne i Lambeidvågen, der dei kunne tilby tørrsild av ypparste merke. På brygga stod Ørevik 4H og grilla villmarkspølser for dei som ikkje ennå har fått smaken på silda. Valestrand søndagsskule kåra søndagens sterkaste mamma og pappa. Seniorene i herreklassa, Ole Daniel Eidsvåg var det ingen av dei yngre som klarte å slå. Søndagens sterkaste mamma blei Kristine Brattelid Almås.

Sveio Turlag heldt tippekonkurranse og utstilling medan Sveio Skyttarlag arrangerte ein alltid like populær skytekonkurranse. Sveio O-lag knytte heile arrangementet saman med kart over aktivitetsløypa pluss kaffi- og kakeservering på vårens kaffipost, som inngår som ein del av poengjakta i årets turorientering. Vel 80 personar deltok.



Årsfesten



Tur-o-sesongen blei ført fram til eksamensfest. Fredag 23. november blei det delt ut plakettar og merke i gull sølv eller bronse saman med heider og ære. I år kunne Sveio Orienteringslag

heidra ein plakettvinnar, som har gått til gullmerke gjennom 20 sesongar.

Årets mestvinnande tur-o-deltakar heiter Reidun Haukås. Ho har synt imponerende vilje ettersom ho har besøkt minst 1000 tur-o-postar i løpet av dei 20 siste åra.

Like bak Reidun Haukås kom denne sesongen tre andre plakettvinnarar, som har oppnådd gullmerke 15 år på rad. Dei tre er Astrid og Eivind Nesse og Karl Inge Instefjord. Alle desse blei heidra fredag 23. november under årsfesten i Førde Samfunnshus.

Der er dessutan imponerende at nær 50 tur-o-deltakarar har besøkt minst 50 postar denne sesongen og dermed gjort seg fortent til gullmerket.

Der er samtidig særst gledeleg at svært mange barn og unge har nytta tilbodet Barnas Tur-o/Nærtrim. Over tretti barn og unge har gjort seg fortent til gull eller sølvmerke innan denne varianten av årets turorientering.

Det aller nyaste tilbodet innan turorientering er foto-orientering. Denne sesongen kunne Sveio-O-lag tilby to ulike tilbod innan Foto-o, eit i Førde og eit anna tilbod i Sveio sentrum. Alle deltakarar, som har sendt inn løysingsordet frå Foto-o, blei med i trekning om premiar. Sjå liste over merkevinnarar på Sveio O-lag si heimeside: www.sveiool.org.

Kartarbeid

Det store løftet på denne fronten er arbeidet med det nye o-kartet over Ryvarden-marka. Kartet skal vera ferdig i april 2013. Sveio O-lag har sett arbeidet bort til Ørjan Ravndal som har teke på seg ansvaret for konstruksjon av grunnlagskart, synfaring og reinteikning. Kartet dekker eit areal over 8,5 kvadratkilometer og er kostnadsrekna til i alt ca 265 000 kroner.

I løpet av 2012 betalte laget ut halve kostnadssummen til kartentreprenøren. Me har søkt om spelemidlar til prosjektet. Me håpar å kunne bli tildelt halve kostnadssummen i form av spelem idlar til nærmiljøanlegg. I mellomtida har Sveio kommune lova å forskotera storparten av tippemidlane.

Målet er at det nye kartet skal kunne nyttast til turorientering i 2013 og til Vestlandsmeisterskapet i orientering som Sveio O-lag skal arrangera i august 2013.

Utstyr

Løpsdrakter

Etter minst sju år utan fornying laut det lagast og tingast nye løpsdrakter. Dei nye blei tatt i bruk i 2010. Draktane blei produserte av Trimtex etter vårt design og blei selde til medlemmene for kr. 300 (for vaksne) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre drakter på lager.

Overtrekddressar: Det ligg også nokre overtrekksdressar på lager etter fornyinga i 2009.

Telt: Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røyntelene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, denne gongen i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement. Teltet blei mellom anna nytta då SOL arrangerte kretsløp på Festningen i juni.

Klubbffana: For første gong har klubben skaffa seg lagsfane eller klubbflag i 2010. Dette flaget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland.

Premie-/gavekrus med klubblogo og namn: Me har i lengre tid drøfta trongen for gåveartiklar og premiar med klubblogoen på. I 2010 blei det laga eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: "Me gjere det i skogen". Me har investert i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år kan spreia med glede til dei som fortener det.

Skulebrikker:

Til elektronisk tidtaking i enkle stemne utan bruk av PC har SOL nå to klassesett med ekt-brikker.

Konkurranserbrikker:

SOL disponerar ca 20 EKT-brikker. Me supplerte med 10 nye brikker i 2010.

Fingerkompass:

Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gildefondet.

Vanlege kompass: Eit klassesett

Kart: Tittelsnes Festningen: 1: 10000 Årstal ferdig 2009/10

Valestrand skule: 1: 2000 2009/10

Einstadbøvoll: 1: 10 000 2009/10

Einstadbøvoll 2: 1: 5000 2009/10

Auklandshamn i målestokk 1:10 000 2004

Auklandshamn skule 1: 5000 2004

Slettene 1: 5000 2004

Førde 1:10 000 1998

Førde nærkart 1: 10 000 2003

Førde nærkart 1: 5 000 2003

Førde Prestabryggjo 1: 5000 2006

Lier 1: 10 000 2006

Førde skulekart 1: 2000 2006

Auklandshamn skulekart 1: 2000 2006

Valestrand 1: 15 000 1973

Kart/løypeteikningsprogrammet: OCAD 10

Følgjande postutstyr er på lager i klubben si eiga

Ca 60 postskjermer i bra stand.

Dertil hadde laget ved årsskiftet EKT postutstyr til

Postar med kodenr. Frå og med 100 til og med nr. 130,

Og postar med kodenr. Frå og med 150 til og med 176.

I tillegg har åtte startpostar (Null-postar)

Tidtakarutstyr:

MTR2 med printer og pc-kabel, MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel 2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB) 250-avlesar og USB-avlesar.

Lisens til E-timing

Sveio O-lag på nettet

www.sveiool.org

Kristian S. Førde har utvikla og vedlikeheld laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar mulegheiter for frodig bruk av bilde. Resultatlistar frå eigne arrangement og andre arrangement me har deltakarar i blir lagt ut på heimesidene våre. Nett-ansvarleg Kristian er også IT-ansvarleg under Sveio O-lags konkurranse-arrangement.